

Årsmeldinga fortel også at alle grunneigarane i juni fekk utdelt to grunneigarkort, - eit blått kort til eige fiske og eit grønt kort som kan lånast ut til gjestefiske på eige gardsnummer.

Det vart også presisert at arbeidet med ny driftsplan er eit omfattande arbeid som styret ikkje hadde fått fullført i inneverande år.

I 2016 er det selt 480 døgnkort, - som er ein monaleg auke frå tidlegare år, og styret vedtok difor å betale ut 100 000 kr i utbyte til luteigarane. Med utgangspunkt i laget sine vedtekter, der det står at 'kvar medlem får sin andel etter den fiskeverdi eigedommen har eller og etter skuldmark', har kvart medlem fått sitt utbyte, - kr. 800 pr. lut. (Dei 126 lutane er fordelte mellom dei 48 medlemene på ein verdiskala frå 1 og 8, - slik at dei mest verdfulle eigedomane når det gjeld elvefisket har fått 8 lutar.)

Sidan utbetalingane passerer kr. 50 000, må fylkesskattekontoret få ein rapport, og laget får nok eit momskrav i etterkant.



Årsmelding og årsrekneskap vart vedteke samrøystes.

Budsjett 2017

Styret sitt framlegg til budsjett for 2017 hadde to element som møtelyden diskuterte.

1. Trass i 104 000 i salsinntekt frå fiskekort for 2016, budsjetterer styret med 50000 i salsinntekter for 2017.
2. Styret budsjetterer med 100000 i utgifter til ferdigstilling av ny driftsplan for elveeigarlaget, og fleire meinte dette kanskje var eit unødvendig utlegg.

Budsjettet for 2017 vart vedteke, - med eit tillegg frå Hans Reidar Kjærland om at 'Det nye styret får i oppdrag å prøve å redusere utgiftene til ny driftsplan så mykje som mogeleg'

Før valet vedtok årsmøtet at laget vart meldt inn i 'Norske lakseelver'.

Val

Valet gav som resultat at styret i Uskedalen Grunn- og Elveeigarlag for 2017 er:

Trond L. Myklebust (leiar), Lars Haugland, Kjetil Fossheim, Tor Jarle Kjærland og Andreas Kristoffersen. Varafolk er Geir Enæs og Sigmund Myklebust og revisor Hans R. Kjærland.

Valnemnd for 2017: Jon Harald Kjærland (1 år), Ivar Kåre Døssland (2 år), Britt Torill Mathiesen (3 år)

Tekst/Foto: Vidar Haugland
Nett: Hans Ordin Østebø